

Fem bustader oppå butikken

25.08.2006



Det blir fem bustader oppå butikken i Uskedalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Butilboden i Uskedalen veks og veks og frå neste sommar blir det mogleg å bu oppå butikken! Ein meir sentral plass kan ein knapt tenkje seg.

- Det er målsettinga vår å starta med prosjektet før jul og fullføre det til sommaren, seier dagleg leiari for Spar Uskedalen Bente Nilsen til uskedalen.no.

Toppetasjen har stått tom og unytta sidan butikken vart kraftig utvida i 2002, men no kjem altså det neste byggjesteget.

Det blir to bustader på 80 kvadratmeter og tre på 60 kvadratmeter. Det blir to soverom i dei store og eitt soverom i dei mindre bustadene, men alle fem får hems.

Arkitekt Gretha Rød på Husnes er no i gang med detaljplanleggjeringa av prosjektet. Førebels er det kalla Sanden. Det er vel rett og rimeleg? Det er viktig å halda på tradisjonene.